



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 77

(2008–2009)

Om lov om endringer i akvakulturloven

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 24. april 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag og bakgrunn

Fiskeri- og kystdepartementet foreslår to endringar i akvakulturloven som kvar på sin måte kan bidra til å møte framtidige behov knytt til havbruk. Begge forslaga heng saman med omsynet til miljø og arealdisponering. Det er heimel til å

- endre prosedyrane for saksbehandlinga ved tildeling av løyve til oppdrett
- pålegge flytting av oppdrettsanlegg ut frå overordna samfunns- og næringsomsyn.

Løyve til anna oppdrett enn laks, aure og regnbogeaure blir i dag tildelt utan at talet på løyve er avgrensa. Loven legg i dag opp til at styresmaktene har ei plikt til å behandle søknader løpande. Dette kan føre til at bruken av areal ikkje er optimal, og kan ha negative nærings- og miljøkonsekvensar. Det inneber og ei belastning på havbruksforvaltninga som ikkje står i forhold til nytten for næringa.

Loven gir i dag ikkje høvelege reiskapar til å pålegge flytting av oppdrettsanlegg sjølv om overordna samfunns- og næringsomsyn tilseier at det er nødvendig eller tenleg. Formålet med lovendringa er å kunne få til betre lokalitetsstrukturar. Dette kan gje meir rasjonell drift som tek betre vare på blant anna fiskehelse og miljø.

2 Hovudinnhaldet i høyringsutkastet

2.1 Rett til å endre prosedyrar for saksbehandlinga ved tildeling av løyve til oppdrett

Føresegna departementet foreslår, i ny § 6 tredje ledd, vil i praksis gjelde alt anna oppdrett enn matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Blant andre arter er det oppdrett av torsk som har komme lengst når det gjeld kommersialisering og volum. I praksis vil det difor i dag særleg vere aktuelt å bruke heimelemen for å avgrense behandlinga av nye søknader om torskeløyve.

Oppdrett av torsk har vore i utvikling i fleire år. Trass i til dels betydelege utfordringar på kort sikt, er det sannsynlegvis eit potensial for vidare vekst i framtida. I 2007 vart det produsert om lag 10.000 tonn. Næringa har sjølv tidlegare sagt at det snart vil kunne produserast tre gonger meir, men utsiktene dei næraste åra er i dag svært usikre.

Løyve til oppdrett blir generelt regulert i akvakulturloven § 6. Føresegna gjeld for tildeling av løyve til alle arter. I loven sin § 7 er det gitt særskilde føresegner om tildeling av løyve til laks, aure og regnbogeaure. For løyve til laks, aure og regnbogeaure vil såleis både § 6 og § 7 gjelde. Fordi det er § 7 som gir høve til å avgrense talet på løyve, blir løyve til andre arter enn laks, aure og regnbogeaure i dag tildelt løpande utan avgrensing i talet på løyve. § 6 legg opp til at styresmaktene har ei plikt til å behandle søknader løpande, og styresmaktene har

dermed ikkje høve til å sjå tildeling av torskeløyve i ein større samanheng utover den enkelte søknaden. Den viktigaste skilnaden i reguleringa av laksefisk og andre arter er at § 7 inneber næringspolitisk regulering, mellom anna ut frå marknadsomsyn og nærings- og distriktpolitiske omsyn.

Delvis som eit resultat av dette er det i dag tildelt over 500 oppdrettsløyve for torsk, med ein samla teoretisk produksjonskapasitet på over 300 000 tonn. Dette er eit eksempel på ein situasjon der belastninga på havbruksforvaltninga ikkje står i forhold til den næringsnyttan som kan ventast. Ein slik situasjon kan også bidra til ein suboptimal arealbruk, og har ført til press på regelen om tilbake trekking etter 2 års passivitet. Ein arealbruk som ikkje er optimal kan ha negative nærings- og miljøkonsekvensar.

I dag er det usikkerheit knytt til miljøutfordringar, kunnskapsbehov, vegval, tempo m.v. Departementet syner i denne samanheng til regjeringa sitt arbeid for berekraftig havbruk der forslaget til denne føreseigna blir trekt fram som eit verkemiddel. Samtidig bruker forvaltninga mykje ressursar på å handsame søknader. Ut frå dagens situasjon synest det difor tenleg å ha ein lovheimel for å kunne endre prosedyrane for tildeling av løyve. Det vil vere særleg aktuelt å kunne stanse tildeling heilt eller delvis i periodar eller i geografiske område, evt. styre utviklinga ved å kunne utlyse eit avgrensa tal nye løyve i eit bestemt område eller ein region.

2.2 Rett til å pålegge flytting av oppdrettsanlegg av overordna samfunns- og næringsomsyn, medrekna omsynet til fiskehelse og miljø

Akvakulturloven gir i dag ikkje styresmaktene høvelege reiskapar til å pålegge flytting av oppdrettsanlegg sjølv om overordna samfunns- og næringsomsyn skulle tilseie at flytting er samfunnsmessig nødvendig eller tenleg. Det er heimel til å trekkje tilbake eller endre havbruksløyvet, men dagens heimlar er ikkje tilstrekkeleg retta inn mot overordna samfunns- og næringsomsyn. Ved inngripande utøving av myndigheit er det spesielt viktig med klare heimlar som skaper føreseielege forhold for næringsaktørane. Med den heimelen som blir foreslått i ny § 16 tredje ledd, kan det utarbeidast forskrift som inneber at oppdrettarar vil kunne påleggast å flytte anlegg – innanfor eit gitt fjord- eller kystområde – for å skape betre struktur. Dette kan gi meir rasjonell drift som tek betre vare på bl.a. fiskehelse og miljø. Ei meir rasjonell drift kan medverke til auka lønnsemd og verdiskaping i utnyttinga av eit gitt fjord- eller kystområde. Kva som er tenleg av

omsyn til samfunnet og næringa vil i dei fleste tilfella vere samanfallande. Når ein driv biologisk produksjon i sjø må ein ta omsyn til miljøet for å oppretthalde effektiv produksjon på sikt, og god fiskehelse hos oppdrettsfisken gjer det mindre sannsynleg med spreiding av smitte til villfisk.

Behovet for å ha høve til å pålegge flytting aukar etter kvart som oppdrettsnæringa veks. Særleg talar omsyna til fiskehelse og miljø for at vi ikkje lenger berre kan sjå isolert på den enkelte lokaliteten, men må sjå større område i samanheng. Eit eksempel på dette er tiltak for å nedkjempe fiskesjukdomen Pankreas Disease (PD) på Vestlandet. I dette arbeidet vil det vere ønskjeleg om nokre oppdrettarar, på frivillig basis, flytter anlegg til nye lokalitetar for å skape ein lokalitetsstruktur som er meir robust og bidrar til å forhindre smittespreiing. Føresetnaden for slike tiltak er i dag at alle oppdrettarar i det aktuelle området er med, og det skal ikkje meir til enn at éin ikkje vil bidra, før restruktureringa kan misse effekten. I slike tilfella vil det difor kunne vere aktuelt å pålegge flytting.

3 Høyringsinstansar

Lovforslaget vart sendt på alminneleg høyring 23. januar 2009, og følgjande instansar har gitt fråsegn:

Finansdepartementet
 Fornyings- og administrasjonsdepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Fiskeridirektoratet
 Kystverket
 Mattilsynet
 Direktoratet for naturforvaltning
 Statens forureiningstilsyn (SFT)
 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 Sogn og Fjordane fylkeskommune
 Rogaland fylkeskommune
 Hordaland fylkeskommune
 Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL)
 Norske Sjømatbedrifters Landsforening (NSL)
 Norges Fiskarlag
 Norges Kystfiskarlag
 Norske Lakseelver
 Norges Jeger- og Fiskerforbund
 Finansnæringens Hovedorganisasjon/
 Sparebankforeningen
 Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES)
 Havforskningsinstituttet

Kopi av høyringsfråsegnene og liste over høyringsinstansane vil bli sendt Stortinget som utrykte vedlegg til proposisjonen.

4 Sentrale tema i høyringa

Alminneleg høyring om forslaget til endringar i akvakulturloven blei avslutta 6. mars 2009. Nedanfor gjer vi greie for hovudtemaa i høyringsfråsegnene.

4.1 Rett til å endre prosedyrar for saksbehandlinga ved tildeling av løyve til oppdrett

I høyringsutkastet foreslår departementet at prosedyrane for saksbehandlinga ved tildeling av løyve til oppdrett kan endrast.

Dei fleste *høyringsinstansane* er positive til forslaget. *Fornyings- og administrasjonsdepartementet* uttalar at:

«Ut fra det som ellers er anført som begrunnelse for bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig å gi klarere uttrykk for at den foreslåtte hjemmelen ikke er tilstrekkelig til å etablere en slik knapphet på tillatelser som i dag gjelder for laks og ørret.»

FHL støttar ikkje forslaget og uttalar at:

«Dersom myndighetene ønsker å innføre adgangsbegrensning ved tildeling av torskekonsesjoner, anbefales at en benytter samme tildelingsmodell som for laks og ørret; med antallsbestemte konsesjoner.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune og *Hordaland fylkeskommune* støttar heller ikkje forslaget. Dei ønskjer å behalde regional styring med tildeling av løyve etter § 6, og at eventuelle endringar blir knytt opp mot at fylkeskommunane skal ivareta nærings- og distriktsomsyn ved tildeling av løyve.

Departementet vil presisere at formålet med føresegna ikkje er at det skal bli knapt med løyve ut i frå dei marknadsmessige og distriktpolitiske omsyna som ligg til grunn for § 7. Forslaget blir fremma av omsyn til miljøet medrekna viltlevande bestandar, arealdisponeringa og ein effektiv bruk av forvaltninga sine ressursar. Å regulere slike forhold ved å ta nye arter inn i § 7 ser ein dirfor ikkje no som tenleg. Dei enkelte søknadene om løyve vil bli behandla av den relevante tildelingsmyndigheit, men ut frå omsynet til miljø og arealdisponering kan det vere nødvendig for departementet å endre prosedyrar for tildeling av løyve i bestemte tidsperiodar eller geografiske område.

4.2 Rett til å pålegge flytting av oppdrettsanlegg av overordna samfunns- og næringsomsyn, medrekna omsynet til fiskehelse og miljø

I høyringsforslaget foreslår departementet å innføre heimel til å pålegge flytting av oppdrettsanlegg av overordna samfunns- og næringsomsyn. Omsynet til fiskehelse og miljø blir i høyringsbrevet trekt fram som relevante eksempel på forhold som kan gje grunnlag for pålegg om flytting.

Dei fleste *høyringsinstansane* er positive til departementet sitt forslag. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane* er blant desse, og uttalar at:

«Fylkesmannen er også positiv til at det vert innført heimel for å kunne restrukturere arealbruken i avgrensa område ved behov. Lokalitetar blir i dag i for stor grad vurdert ein og ein, utan å sjå på heilskapen i eit område.»

FHL og *Mattilsynet* meiner det alt er tilstrekkeleg heimel til å flytte havbruksanlegg. Vidare kommenterer dei at omsynet til fiskehelse blir ivareteke av matloven og ligg til *Mattilsynet* sin kompetanse.

Sogn og Fjordane fylkeskommune peiker på at:

«grunnlaget for å kunne pålegge flytting er forankra i nærings- og samfunnsmessige omsyn, og dette skal m.a. vere det fylkeskommunen skal uttale seg om.»

Dei meiner difor dette er ein naturleg del av oppgåver som vert handsama av fylkeskommunane etter den føreståande gjennomføringa av forvaltningsreforma frå 2010. Motsett støttar *Fiskeridirektoratet*, *Kystverket* og *Statens forureiningstilsyn* departementet i vurderinga om at føresegna er tett knytt til tilsyn og kontroll, og at kompetansen dermed bør liggje til *Fiskeridirektoratet* også etter 2010. *Fiskeridirektoratet* og *Fornyings- og administrasjonsdepartementet* meiner føresegna er vidt formulert, og sistnemnde peiker på at det «åpner en også for at det under nærmere omstendigheter kan gis pålegg om flytting av hensyn til andre næringer eller offentlige formål.»

Departementet er delvis samd med *FHL* og *Mattilsynet* når det gjeld forholdet til matloven og *Matilsynet* sin kompetanse til å vurdere fiskehelse. Matloven regulerer omsynet til dyrehelse, medrekna fiskehelse, i havbruksverksemd. § 16 tredje ledd inneber ikkje ei endring av forholdet mellom matloven og akvakulturloven og forholdet mellom *Mattilsynet* og fiskerimyndigheitene slik det blir beskrive i Ot. prp. nr. 61 (2004-2005) Om lov om akvakultur (akvakulturloven). Men endring av løyve til havbruk, medrekna flytting av anlegg, blir re-

gulert i akvakulturloven. Ved bruk av føresegna i § 16 tredje ledd bør likevel fagleg vurdering knytt til fiskehelse gjerast av Mattilsynet.

Departementet meiner det er formålstenleg med ei føresegn særskilt retta inn mot samfunns- og næringsmessige omsyn, og viser til at ei slik føresegn ikkje vart lagt fram for Stortinget gjennom Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) Om lov om akvakultur (akvakulturloven). Den føreslegne føresegna gjer det mogleg å gi pålegg om flytting av anlegg på bakgrunn av ei samla vurdering av både miljø- og sjukdomsomsyn, sjølv om forholda ikkje enkeltvis er så alvorlege at sektorløyva kan trekkjast tilbake etter dei ulike sektorlovene. I ein slik prosess må dei ulike sektormyndigheitene drøfte situasjonen for å ha ei felles forståing av problemkomplekset. Lokalitetar det blir flytta til må klarerast, og etter sektorlovane. Det inneber at prosedyren for lokalitetsklarering som følgjer av akvakulturloven § 6 første ledd, jf. Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) Om lov om akvakultur (akvakulturloven) kapittel 7.1 og 7.2, skal nyttast.

Fylkeskommunane får i samband med forvaltningsreforma overført mynde til å klarere lokalitetar, og vil difor vere sentral når nye lokalitetar skal klarerast som ei følgje av pålegg om flytting etter at reforma trer i kraft. Fylkeskommunane er regional planmyndigheit, og kan fastsetje regional planføresegn knytt til retningslinjer for arealbruk i regional plan som skal fremme meir overordna rammer for arealutnyttinga.

Det er kommunane som i si arealplanlegging set konkrete rammer for kor det skal vere mogleg å drive havbruksverksemd.

Pålegg om flytting er nært knytt til forhold som har å gjere med Fiskeridirektoratet sitt arbeid med tilsyn og kontroll. Departementet meiner difor det er mest føremålstenleg at oppgåva med å pålegge flytting blir lagd til Fiskeridirektoratet, og ikkje til fylkeskommunane, også etter at forvaltningsreforma trer i kraft 1. januar 2010.

Departementet har på bakgrunn av høringsfråsegna presisert omgrepet «samfunnsmessige og næringsmessige omsyn» i merknaden til føresegna i kapittel 6.

4.3 Kostnader som følgje av pålegg om flytting

I høyringa bad departementet spesielt om høringsinstansane sine synspunkt på dekning av kostnader som følgje av pålegg om flytting.

Fleire høringsinstansar, mellom anna *Fiskeridirektoratet*, *Norske Lakseelver* og *Norges Jeger- og Fiskerforbund*, meiner at det er rimeleg at hav-

bruksnæringa, og ikkje staten, ber kostnadene. Vidare presiserer *Fiskeridirektoratet* og *Norges Jeger- og Fiskerforbund* at ei løysing basert på eit næringsbasert fond vil vere formålstenleg. *Sparebankforeningen* og *Finansnæringens Hovedorganisasjon* meiner at dersom ein vel ei fondsløysing

«vil [det] være en fordel om ordningen favner bredt både i antall deltakere og geografisk. En slik risikoavlastende ordning vil bidra til å sikre betjeningsevne for låneforpliktelser og dermed isolert sett redusere bankenes risiko knyttet til finansiering av enkeltanlegg/aktører.»

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner staten og havbruksnæringa bør bidra med midlar til eit eventuelt fond. *FHL* meiner staten bør dekkje kostnadene «når flytting skyldes forhold utenfor partenes kontroll.» Dei stiller seg tvilande til om det er mogleg å etablere eit fond basert på frivillig oppslutning.

Departementet konstaterer at det knyter seg kostnader til pålegg om flytting av anlegg. Kostnadene må anten dekkjast av staten eller av oppdrettarane. Staten har ikkje erstatningsansvar i ein slik situasjon fordi råderettsinnskrenkingar ikkje er erstatningsbetingande. Den næringsdrivande må i utgangspunktet sjølv ta risiko for endra rammevilkår. Ut frå reine rimelegsynsmåtar har staten likevel gitt kompensasjon for dokumenterte flyttekostnader. Dette vart for eksempel gjort då dei nasjonale laksefjordane vart oppretta. Her dekkjer staten dokumenterte flyttekostnader med inn til 2,25 mill. kr per anlegg. Men her er det tale om eit fåtal anlegg slik at den totale summen er avgrensa. Ved innføring av ei generell flytteføresegn vil dei totale kostnadene ikkje vere avgrensa. Når havbruksnæringa ønskjer å vekse, og dei nyttar allmenta sine avgrensa areal, er det rimeleg at næringa dekkjer kostnadene ved effektivisering av arealbruken. Staten bør difor ikkje dekkje kostnader knytt til pålegg om flytting.

For den enkelte oppdrettaren som blir pålagd å flytte vil det kunne opplevast urimeleg om han må dekkje alle kostnadene ved flytting. Det vil også kunne vere kostnader knytt til at ein ny lokalitet krev anna utstyr, auka driftskostnader om den gir lengre tilvekst eller auka transportkostnader. Ei mogleg ordning er at flyttekostnadene for den/dei som må flytte blir dekte i fellesskap av oppdrettarane i det aktuelle fjord- eller kystområdet på ad hoc-basis. Ein annan måte å gjere det på er at næringa opprettar felles fond for dekning av flyttekostnader. Fondet kan innrettast som eitt nasjonalt fond eller fleire regionale/lokale fond. Dette vil vere opp til næringa sjølv. Det blir foreslått at heimelen til flytting av oppdrettsanlegg blir innført, men at det blir

arbeidd vidare med korleis kostnadene knytt til pålegg om flytting kan dekkast. I dette arbeidet tek departementet sikte på ein brei prosess der mellom anna havbruksnæringa kan konsulterast.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

5.1 For næringsaktørar

For næringa vil forslaget om å endre prosedyrar for saksbehandlinga innebere at det ikkje nødvendigvis kan søkjast løpande, men at dei må rette seg etter evt. midlertidige tildelingsstoppar eller utlysing av løyve i tildelingsrundar. På kort sikt kan det bety at oppdrettarar ikkje like lett kan få tildelt nye løyve eller at det kan ta lengre tid å få nye løyve. Dette kan ha verknad for optimalisering av drifta. Ein kan likevel erverve løyve i andrehandsmarknaden, og dette kan avhjelpe slike konsekvensar samtidig som eksisterande løyve kan overførast frå dei som ikkje har behov for løyva til dei som treng meir biomasse for å utvide eller optimalisere drifta. På lengre sikt vil forslaget dermed kunne vere med på å fremme ein struktur i næringa som kan medverke til næringas utviklingspotensial.

Ei pålagd flytting kan vere inngripande for den enkelte oppdrettaren, og det er viktig at styresmaktene i saksbehandlinga legg forholde til rette for at den aktuelle oppdrettaren kan finne ein annan eigen lokalitet. Samtidig vil vi nemne at sjøarealet lokalitetane omfattar ikkje er oppdrettarens eigedom, i det staten gir berre oppdrettaren høve til å bruke ein del av arealet til fellesskapet. Pålegg om flytting kan dermed for eksempel ikkje samanliknast med oreigning av privat eigedom.

For den enkelte oppdrettaren inneber forslaget om å kunne pålegge flytting større usikkerheit ved at det er ein risiko for at enkelte kan bli pålagde å flytte verksemda si. Auka risiko kan føre til krav om meir robust økonomi og det kan redusere motiveringa for å investere. Risikoen kan reduserast ved at det blir gitt klare retningslinjer for praktiseringa av føresegna. For havbruksnæringa som heilskap vil likevel eventuelle restruktureringar kunne bidra til meir effektiv produksjon og betre lønnsemd enn om ingen flyttar.

Det framtidige behovet for å pålegge flytting av oppdrettsanlegg er usikkert. Dette kan endre seg i takt med ny kunnskap om for eksempel miljøverknader av oppdrett eller at det bryt ut nye fiskesjukdommar. Vi ser likevel allereie i dag at det i oppdrettstette område, særleg på Vestlandet, vil vere tenleg med ei meir føremålstenleg lokalisering av oppdrettsanlegg.

5.2 For forvaltninga

For forvaltninga vil føresegna om å endre prosedyrar for saksbehandlinga kunne medverke til å effektivisere tids- og ressursbruken i behandlinga av søknader om løyve til havbruk. Etter 1. januar 2010 skal bl.a. saksbehandling knytt til tildeling av løyve og klarering av lokalitetar overførast frå Fiskeridirektoratets regionkontor til fylkeskommunane som ledd i forvaltningsreforma. Tilsyn og kontroll og klagesaksbehandling vil framleis ligge hos Fiskeridirektoratet. Dei økonomiske og administrative konsekvensane knytt til saksbehandling vil difor, etter dette tidspunktet, vere relevante for fylkeskommunane.

Pålegg om flytting er nært knytt til forhold som har å gjere med Fiskeridirektoratet sitt arbeid med tilsyn og kontroll. Departementet meiner difor det er føremålstenleg at oppgåva knytt til pålegg om flytting blir lagt til Fiskeridirektoratet, også etter at forvaltningsreforma trer i kraft 1. januar 2010.

5.3 For miljøet

Forslaget om å endre prosedyrar for saksbehandlinga kan bidra til å betre miljøtilpassinga i oppdrett regulert i § 6 ved at omsynet til miljø og naturmangfald blir styrkt gjennom prosedyrar for saksbehandling som meir effektivt kan tilpassast miljø- og arealsituasjonen i eit gitt geografisk område. Pålegg om flytting som foreslått i § 16 tredje ledd kan medverke til ein meir rasjonell lokalitetsstruktur som tek betre vare på miljøet.

6 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovframlegget

Til § 6 tredje ledd

§ 6 tredje ledd fastset at departementet kan gi forskrift om heil eller delvis stans i tildeling av løyve for bestemte arter i bestemte tidsperiodar eller geografiske område. Det er presisert at dette omfattar søknadsbehandling i tildelingsrundar. Ein delvis tildelingsstans kan innebere at det blir sett eit tak på talet på løyve som blir tildelt i den aktuelle tidsperioden eller det aktuelle geografiske området. Omsynet til miljøet, medrekna viltlevande bestandar, og arealdisponering skal leggast til grunn ved vurdering av om tildelingsstans etter denne føresegna skal innførast. Kor lenge tidsperioden varer og omfanget av det geografiske området kan variere ut frå kva som er nødvendig for å oppnå formålet med tiltaket.

Til § 16 tredje ledd

Første punktum inneber at departement kan gi forskrift med nærmare føresegn om pålegg om flytting av havbruksanlegg innanfor eit nærmare definert geografisk område. Føresetnaden for pålegg er at overordna samfunns- og næringsomsyn tilseier at dette er nødvendig eller tenleg. Andre punktum inneber at det kan bli gitt nærmare føresegn om prosedyrar for igangsetting og gjennomføring av prosessar med sikte på flytting. Dette inkluderer fastsetting av prinsipp for dekning av kostandene.

Matloven regulerer omsynet til dyrehelse, medrekna fiskehelse i havbruksverksemd. § 16 tredje ledd inneber ikkje ei endring av forholdet mellom matloven og akvakulturloven og forholdet mellom Mattilsynet og fiskerimyndigheitene slik det blir beskrive i Ot. prp. nr. 61 (2004-2005) Om lov om akvakultur (akvakulturloven). Ved bruk av føresegna i § 16 tredje ledd bør fagleg vurdering knytt til fiskehelse gjerast av Mattilsynet.

Den føreslegne føresegna gjer det mogleg å gi pålegg om flytting av anlegg på bakgrunn av ei samla vurdering av både miljø- og fiskehelseomsyn, medrekna omsynet til viltlevande bestandar, sjølv om forholda ikkje enkeltvis er så alvorlege at sektorløyva kan trekkjast tilbake etter dei ulike sektorlovene. I ein slik prosess må dei ulike sektormyndigheitene drøfte situasjonen for å ha ei felles forståing av problemkomplekset. Lokalitetar det blir flytta til må klarerast, og etter sektorlovane. Det inneber at prosedyren for lokalitetsklarering som følgjer av akvakulturloven § 6 første ledd, jf. Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) Om lov om akvakultur (akvakulturloven) kapittel 7.1 og 7.2, skal nyttast.

Omgrepet «samfunnsmessige og næringsmessige omsyn» omfattar omsyn som er relatert til havbruksnæringa og inneber i utgangspunktet omsynet til miljø og fiskehelse. Det kan ikkje utelukkast at andre forhold kan vere aktuelle som grunnlag for pålegg om flytting, men det må vere forhold som havbruksnæringa påverkar eller blir påverka av. Føresegna gir likevel ikkje høve til å flytte anlegg av omsyn til andre brukarinteresser i kystsona. Slike omsyn skal ivaretakast gjennom kommunane sin arealdel i kommuneplanane. Vidare skal myndigheitene ved etablering av havbruksanlegg gjere ei interesseavveging av bruken av arealet, medrekna anna bruk av området. Omsynet til andre brukarinteresser er dirfor allereie teke omsyn til i eksisterande regelverk, sjå akvakulturloven § 16 første ledd.

Med «geografisk område» meiner vi eit fjord- eller kystområde av ein viss storleik, for eksempel område som har biologiske, økologiske eller epidemiologiske fellestrekk. Den som blir pålagt flytting får behalde løyvet (konsesjonen), men må leggje verksemda si til ein ny lokalitet, mest truleg i eit anna geografisk område.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i akvakulturloven.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i akvakulturloven i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i akvakulturloven

I

Lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur blir endret slik:

§ 6 nytt tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om hel eller delvis stans i tildeling for bestemte arter i bestemte tidsperioder eller geografiske områder, herunder om at søknader skal behandles i tildelingsrunder på bestemte tidspunkt.

§ 16 nytt tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pålegg om flytting av akvakulturanlegg innenfor et nærmere definert geografisk område dersom overordnede samfunns- og næringsmessige hensyn, herunder hensynet til fiskehelse og miljø tilsier dette. Departementet kan også i forskrift gi nærmere bestemmelser om prosedyrer for initiering og gjennomføring av prosesser med sikte på flytting, herunder prinsipper for dekning av kostnader.

II

Loven gjelder fra den tid Kongen fastsetter.



Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen, April 2009